

# Region Sogn og Fjordane



Normisjon

Acta - barn og unge i Normisjon



«Dei starta med å lytte. Først satte Jesus seg ned etter å ha lest frå bokrullen. Då såg alle på han og venta: Venta på kva tale han ville kome med. Så tala han, og dei lytta». Se side 5.





**LEIAR**

## Nedgang og vekst

Heilt sidan eg var sivilarbeidar på Normisjon sitt hovudkontor i 2001 har eg hørt denne forteljinga om Normisjon sitt arbeid i Noreg: "Snittalderen i foreiningane våre vert høgare og høgare, om det fortset slik så kjem vi bokstavleg talt til å snart døy ut".

Dette er no over tjue år sidan. Nokre stadar har denne dystre spådomen slått til. Men i løpet av dei siste tjue åra er det og ei anna forteljing som har dukka opp. Det er forteljinga som startar med: "Sjå eg skapar noko nytt...".

Det er forteljinga om at bedehus som i årevis har dreve på sparebluss på ny vert viktige samlingstadar for ungar og vaksne i alle aldrar. Det er forteljinga om mindre fellesskap som oppstår, meiningsfulle relasjonar som vert knytta. Nye folk som kjem til, med ein ny giv og nye måtar å sjå ting på. Det er forteljinga om at Gud framleis kallar og sender misjonærar.

Ei forteljing om folk som vert samla kring dei gode nyheitene om at Guds rike er kome nær; vend om og bli med!

Samstundes er det ikkje alle stadar pilene peikar oppover. Desto viktigare er det å minne kvarande på at det faktisk skjer. Og uansett korleis det er på din heimstad eller i det arbeidet du står i, så treng vi kvarandre. Om du trufast har stått i tjeneste eit langt liv eller om du er heilt fersk, så treng vi å finne saman. Vi har ulike oppgåver, men same oppdrag. Ulikt arbeid vi brenn for, men same oppdragsgjevar. Lat oss oppmuntre kvarandre, bære kvarandre i bønn, feste blikket på Jesus og sjå framover.

I Lukas 13:18-21 kan vi lese om at Jesus skildrar Guds rike. Eit viktig kjenneteikn på Guds rike er at det veks. Nokre gongar som ein surdeig det er vanskeleg å sjå, andre gongar som eit stort og tydeleg tre vi kan finne kvile under. Men Guds rike veks anten vi ser det eller ikkje. Og det kan vi frimodig få lov til å tru framleis gjeld i Sogn og Fjordane og.

Styreleiar regionstyret  
John-Olav Hoddevik

## Det skjer i Acta!

Sommaren er over, og i skrivande stund har hausten gjort sitt inntog med alt det inneber av aktivitetar lokalt og regionalt i Acta.

Visste du at vi i løpet av det siste året har fått seks nye barne og ungdomslag i regionen? Det lokale arbeidet som blir gjort rundt omkring i små og store bygder er noko vi ser stort på! Det er så viktig med desse kontinuerlege lokale fellesskapa som lagar trygge rammer for at born og unge kan møtast til fellesskap med kvarandre og Jesus! Når vi i tillegg kan samlast til leir og andre regionale arrangement som viser at vi står saman, og er mange, så er det verkeleg inspirerande å sjå at frø som blir sådd, og vatna, veks og får knoppar og blomar. TAKK til deg som tek del i arbeidet, både du som står i det fysisk og du som bidreg gjennom bøn og økonomiske gåver. TAKK!



Denne hausten står det tre leirar på programmet, i tillegg til Soul Children festival i Oslo, besøk til ulike lokallag i regionen, og ei rekke lokale arrangement. Hausten fekk ein knallstart gjennom Eid Soul Children og Soul kids sitt initiativ til felles øvingsdag for alle barnekora tilknytt Acta i Nordfjord. Kring 70 born frå yste Stad til indre Olden var samla til korøving, koreografi, mat, leik og godt fellesskap. Visste du at vi også startar oppatt med leir på Teigen? Vi gler oss!

Sentralt skjer det også stadig nye ting i Acta. Viste du at du eller ditt lag kan vere med på misjonsturar i inn- og utland? På nettsidene [acta.no](http://acta.no) kan du no finne meir om misjonsturar til Råde, Tsjekkia, India, Bangladesh og Ecuador. Ta kontakt om du eller ditt lag tenkjer dette er aktuelt, så bidreg vi så godt vi kan med hjelp og informasjon for å få realisert «draumen om misjonstur».

No står planlegging av 2023 for døra. Kalenderen skal fyllast med arrangement og vi vonar å nå både ulike aldersgrupper og interessefelt med dei arrangementa som blir sett opp. Ikkje nøl med å ta kontakt om DU har ein idé eller ein brann for noko du vil bidra med. Det er ikkje til å stikke under ein stol at vi ynskjer å gjere meir enn vi har både arbeidarar og økonomi til, så om DU vil vere med på leir, bidra i eit lokallag, komme med ein idé, be eller bidra økonomisk til arbeidet vårt, så er vi svært takksame!

# MER 2023

12.-15. januar braker det løs med MER konferansen i IMI-kirken Stavanger. Dette er en inspirasjonsfest for hele Normisjon. Både frivillige og ansatte. I regionen er vi klare for å delta og håper at flest mulig fra våre lokale lag, menigheter og foreninger vil ble med oss til Stavanger for å la oss inspirere og få påfyll i de ulike tjenestene og sammenhengene vi står i. Det blir møter, undervisning, musikk og sang, måltidsfellesskap og relevante seminarer for alle folk i alle aldre. Her er det noe for et hvert engasjement og enhver brann. Ikke minst får man muligheten til å møte fantastiske mennesker fra hele landet som arbeider og tjener for å gjøre Jesus kjent i sine sammenhenger. Sleng dere med og følg med på informasjonen som legges ut om konferansen på Normisjon sin side: [www.normisjon.no/bli-med-pa-mer-2023/](http://www.normisjon.no/bli-med-pa-mer-2023/)



Vi håper at det blir mange påmeldte fra region Sogn og Fjordane slik at vi kan legge opp til felles avreiser fra ulike steder i fylket. Vi har allerede booket en etasje på Thon Stavanger Forum Hotel om du ønsker å bo på samme sted som andre deltakere fra regionen.

Du melder deg på via linken over, og gir beskjed til regionkontoret om du vil vere del av fellesbestilling på overnatting og reise. Vi ser frem til MER 2023!

## Foreningsgaver på MinSide gir skattefradrag!

Er du med å drifte et lag, en menighet eller forening/styre i Normisjon – og synes det kan være vanskelig å holde orden på medlemsregistrering, fastgivertjeneste og enkeltgaver? Eller kanskje du synes det er vanskelig å nå ut med informasjon til frivillige medarbeidere eller andre engasjerte? Da har vi en skikkelig gladnyhet til deg!

Gjennom [www.normisjon.no/minside](http://www.normisjon.no/minside) kan du helt enkelt samle, holde og administrere alt dette på ett sted! Grunnen til at jeg nå velger å skrive om det er fordi jeg nettopp selv har blitt introdusert for foreningens egen side.

Helt konkret hadde vi i Norfellesskapet mange som ønsket å støtte fellesskapet økonomisk gjennom fastgivertjeneste. Men vi hadde ingen god måte eller løsning å tilby dette på. Men via [www.normisjon.no/minside](http://www.normisjon.no/minside) kunne vi: Enkelt tilby fast givertjeneste gjennom avtalegiro eller vipp

Selve registreringen er gjort på 30 sekunder. Man får også skattefradag for sine gaver.

Det handler om å gjøre det så enkelt så mulig. Gjennom [www.normisjon.no/minside](http://www.normisjon.no/minside) kan du enkelt registrere medlemmer, sende giroer, mail og meldinger. Administrere og ha oversikt over givere. Og du kan knytte flere kontaktpersoner som administrator av sida samtidig. Den er også overraskende enkel å bruke.

Så om du synes (som kanskje mange andre) at denne delen av din tjeneste er kjedelig, vanskelig og tung vil jeg anbefale på det sterkeste at du tar i bruk dette verktøyet. Og ikke minst, ikke nøl med å ta kontakt med regionen om du trenger hjelp til å komme i gang, eller ønsker en kjapp innføring i hvordan [www.normisjon.no/minside](http://www.normisjon.no/minside) fungerer!

Med ønske om en gøyal, enkel og oversiktlig administrativ høst!

Stian Stokkebekk,  
Fellesskapsutvikler i Normisjon region Sogn og Fjordane

# ADVENTSTANKAR frå regionleiar Jostein

Luk 4,16-22 Han kom òg til Nasaret, der han var oppvaksen, og på sabbaten gjekk han inn i synagogen, som han brukte å gjera. Han reiste seg for å lesa frå Skrifta, og dei gav han boka til profeten Jesaja. Han opna bokrullen og fann den staden der det står: Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri og ropa ut eit nådeår frå Herren. Så rulla han bokrullen saman, gav han til synagogetenaren og sette seg. Og alle som var i synagogen, heldt auga feste på han. Då tala han til dei og byrja slik: "I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de høyrde på." Alle tala vel om han og undra seg over nådeorda som kom frå hans munn. "Er ikkje dette son til Josef?" spurde dei.

Er ikkje dette son til Josef? Folket rundt spør, undrar seg, talar vél om Jesus.

Dei lyttar til han, dei ser på han. Dei syns han seier gode ord.

"Det har blitt ein bra kar av Josef sin son", tenkjer kanskje nokon.

Hadde vi halde fram med å lese, vil vi kome til at Jesus vart forsøkt lynsja, då det gjekk opp for sambygdingane at snikkarsonen verkeleg meinte at han var Guds son.

Uhørt!

Men dei starta med å lytte. Først sette Jesus seg ned etter å ha lest frå bokrullen. Då såg alle på han og venta: Venta på kva tale han ville kome med. Så tala han, og dei lytta.

Advent er her – advent er ventetid. Kven ventar vi på? Ventar eg på at Jesus skal tale til meg? Ventar du på at Jesus skal tale til deg? Advent er ventetid. Ventetid fram til jul. Julekvelden kan vi lytte - til juleevangeliet – på å høyre at Jesus vart fødd slik profetane sa 700 år før han vart det.

Etter å ha venta gjennom advent - lyttar vi?

Til kva – og til kven? Lyttar vi til Jesus?

Mange opplever at å lytte til Jesus blir å kome for nært han. Kanskje vi kan bli FOR kristen. Kanskje vil andre tenke at eg er fanatisk.

Kva vil Jesus?

Tru på han – kjenn at å lytte til Jesus er å vere elskar i kjærleik - og tilgjeven på ny og på ny.

Eg har arbeidd i kyrkja og organisasjoner i 30 år, og på alle dei stader eg har møtt folk undrar eg meg over:

2000 år etter at Jesus sa det sjølv – Eg er Guds son – venter og lyttar folk framleis. 2700 år etter profeten Jesaja skreiv ned at Guds son skulle kome til jord – lyttar folk framleis.

Mange opplever som Jesaja: frykt - overrasking – tryggleik – tru

Peter, som kyrkja er bygd på :- frykt – folkesnakk – overrasking – tillit – tru

Jesus vil at du skal vere deg sjølv – vente på han slik du er – lytte til han slik du vil.

Du er elskar av Guds son - Advent er ventetid – og lyttetid:

Har eg gått glipp av noko Jesus ønskjer å oppmuntre meg med?

Fordi Jesus elskar deg slik som du er - lytt til han -

Gjennom lystenning

Sangen

Bønene

Fellesskapet med kvarandre"

Klokkeslaga i kyrkjetårnet

Der du er gjennom veka.

Velsigna advent – til deg som er åleine og til deg som ikkje er det.

## Møtepunkt B



## Møtepunkt B



Fellesskap kan aldri pleiaest nok. I møta med kvarandre ligg ei utommeleg kjelde til glede, læring, omsorg og felles

retning. I september fekk vi ha ein herlig menighetsweekend på Fjordly. 60 stk frå Møtepunkt B reiste på tur saman og fekk nyte at vi ikkje måtte haste vidare etter ei gudstjeneste, men faktisk få vere saman ei heil helg. Med mat og prat. I song og musikk. Få komme litt djupare over ein kaffikopp medan barna lattermildt spring rundt i solfylt septemberluft. Grillinga med spareribs, luftgeværskyting, bowling for ungdommane og dødsing fra stupetårnet. Fantastiske dagar. Og med forkynnelse som minner om at Gud er midt i det heile, mitt i ditt liv og skapar noko nytt fekk vi dele og be for og med kvarandre. Tenk at vi får vere ein gjeng som Jesus kallar «mine vener». Stort!

No er det snart advent og vi gledar oss til skikkelig adventsstemning på bedehuset på Sandane. Adventsbasar, adventsgudstenester og adventskos. Velkommen innom til store og til små.

Foto: Jon Kjetil Fossli



## Norfellesskapet Førde!

I Norfellesskapet holder vi fram med vanlig drift. Vi møtes hver søndag i oddetalsuker til lovsang, forkynnelse, bønn og nattverd. I etterkant av Gudstjenestene våre har vi alltid kaffe, mat og sosialt. Vi har også småfellesskap som møtes i ukedagen, noe som gjør at vi kan være et fellesskap som går tett på livet, og tett på troen. Vi har nå gått fra å være i en prosjekt- og oppstartsfasa til å bevege oss inn i det vi kaller for driftsfase. Dette er spennende, vi har i forlengelse av det blant annet

gjort det mulig å bli medlem i Norfellesskapet samt og kunne bidra med fast givertjeneste. Dette er en viktig milepel for oss, og vi håper dette kan fortsette å skape eierskap og tilhørighet. Vi håper dere vil fortsette å be for arbeidet. At vi skal vokse som fellesskap, være relevante og at Jesus skal vise oss hva det vil si å følge ham å være menighet i Førde by i dag.

Norfellesskapet v/ Stian Stokkebekk



Vippsnummer til  
Teigen 566268

-Det er verkeleg eit privelegium at Teigen får vere med å gje folk ein pause frå kvardagen med usikkerheit, meiningsløyse og venting, seier Elisabeth Tonheim etter ei livleg helg med over 30 asylsøkarar på familieleir. -Vi gler oss allereie til neste gong!

Det er Frivilligentralen i Florø i samarbeid med Krokane Sanitettslag som arrangerer dette populære tiltaket to gonger i året, og som folk står i kø for å vere med på. Ei av dei frivillige frå Florø har vore med alle gongane. -Det er travelt, men det er så inspirerande å sjå korleis folk endrar seg og stråler i løpet av helga, fortel ho. Denne gongen var det åtte familiarar som var med, dei fleste frå Iran og Tyrkia. I tillegg var fleire av ungdommane på asylmottaket med som hjelparar, og sørga for dans, spel og bingo for gjengen. Ei av ungdommane har glede seg sidan forrige familieleir ho var med som hjelpar. -Det er berre SÅ god mat her!

Nokre av asylsøkarane har kome til landet nyleg, medan andre har vore i asylmottak i fleire år. -Det må vere tøft å bu i mottak over mange år. Ein lever i eit vakuum med mange avgrensingar på kva ein har mogelegheit til. Det må vere tøft for psyken, tenker Elisabeth, som er svært takknemleg for å kunne bidra med kjøkkenteneste denne helga. -Eg gler meg til neste familieleir, avsluttar ho.

## Førjulstreff på Teigen laurdag 3.desember kl 18.00

Vi fyrer i peisen og ynskjer alle hjartelig velkomne til koseleg laurdagskveld med julemiddag, kaffikos og ulike innslag undervegs. Etter fleire år med pandemi, er det på tide å ta opp att denne tradisjonen. Håpar vi ser deg!

Pris per person kr 450,-

PÅMELDING innan laurdag 26.november til epost [teigen@normisjon.no](mailto:teigen@normisjon.no) eller til 90 60 08 06 (Elisabeth) / 99 23 87 63 (Svein). Vi gler oss!



Vippsnummer  
til Holmely  
506517

## Tid for oppussing, fornying og reparasjon

I haust var det 30 år sida grunnarbeidet for Holmely tok til. Med eit bygg og inventar som nærmar seg same alder, er det stadig ting vi treng flikke på eller fornye! Som fleire av dykk veit om, har vi dei siste åra fått opp eit overbygg på baksida av huset, installert brannvarslingsanlegg, varmepumpe, laga eit tekjøken og bytta golv på hovudkjøkenet. Det er kjekt når vi kan løfte blikket og sjå framover! No denne hausten blei vi overraska av reparasjon på frys- og kjøleanlegget og bytte av utsletten oppvaskmaskin. Takka vere gåveinntekter og dugnadshjelp kan vi saman driftet Holmely òg når uforutsette og nødvendige oppgraderingar må til! Om du vil sette av nokre timer til dugnadsarbeid denne vinteren, er du velkommen til det! Du kan få male veggen på kjøkenet, lime stolar, vaske veggar eller sjå med nye auge på soveromma med tanke på interiør og bilde. Nokre rom manglar lenestolar og gode lamper. Om du vil gje ein stol eller ei lampe, nokre dugnadstimar eller gje ei ekstra gåve til drifta er vi takksame!!

Arrangement i helgane, og litt rolegare i vekene. Slik har det stort sett vore sidan slutten av september. Før den tid var det ganske mykje folk både helg og yrke. Vi hadde ein fin leir «Vi over 60», og på bibelhelga til NLM var det fullt hus av små og store. Fullt var det også både på Evangelisten si helg og når Sion Gurskøy var her på si årlege menighetshelg.



Fasiten på dei andre arrangementa utover hausten har vi ikkje i skrivande stund, men det ser ut til å bli ganske bra med folk dei fleste helgane.

Vi har allereide fått ein god del bestillingar for 2023. Det gjeld både utanlandske bussgrupper frå midt i mai til september, og ein del helgearrangement. Av eigne arrangement som er planlagt, kan vi alt no nemne påska 5.-10. april. Der blir Oddvar Søvik talar. På «Vi over 60» 18.-22. september, har Svein Granerud sagt ja til å tale. Fleire arrangement blir planlagde etter kvart.

Vi er takksame for ein god sommar med mykje gjester, og gler oss til helgane framover hausten. Takk for forbøn og støtte!

Noko å bruke eit bedehus  
til?

Ein møteplass for miljø  
og personar.

[www.gallerinormisjon.no](http://www.gallerinormisjon.no)

*galleri*  
normisjon



Vil du støtte oss med din grasrotandel?

NORMISJON REGION SOGN OG FJORDANE



Org.nr: 971569581

 Grasrotandelen

 Norsk Tipping



# Sunnfjord FOLKEHØGSKULE

**Julemesse på Sunnfjord Folkehøgskule laurdag  
26. november**

Laurdag 26.11 blir det julemesse på Sunnfjord Folkehøgskule. Som før tek vi gjerne i mot varer for sal, både handverk og bakst. Vi opnar dørene kl.11.30 for utsal av bakerivarar og julebakst. I tillegg vil vi tradisjonen tru selje lodd og vi vil ha to rundar med åresal. Første runde i samband med programmet for Solvang Barnehage kl.13.00 og andre runde under programmet for skulen som startar kl.15.00. Klokka 13.30 byrjar vi med middagsservering i matsalen. Loddsal og utsal held fram utover til om lag kl.16.30, då vi avsluttar julemesset med trekking av loddbøker.

Fredag 21.10 starta vi også opp med bakeriutsalet vårt att. Løp og kjøp!

## Regionlotteriet

Også denne hausten har vi lotteri til inntekt for Normisjon region Sogn og Fjordane. Dette lotteriet er ei viktig inntekt for regionen, og vi takkar alle dei som både sel og kjøper lodd! Lotteriet har som tidlegare blitt distribuert ut i bygder, lag og foreningar i løpet av hausten. Skulle du likevel ikkje ha fått tak i lodd er det bare å kontakte regionskontoret, eller ein av våre medarbeidrarar direkte. Her kan du vinne alt frå gåvekort hos choise hotell-kjeden til ein verdi av 10000,- til motorsag, lego-technic, viltkamera, sylje mm.

Trekning av lotteriet vil skje på regionskontoret, og vil bli sendt live via facebooksidene våre den 9. desember kl 15.30.

## Regionlotteri 2022

Til inntekt for **NORMISJON OG ACTA SGN OG FJORDANE**



**GEVINSTAR:**

1 Gåvekort Choice hotel-kjeden	kr 10 000	8 Tova tøfler, str 36, og sjal	kr 1 400
2 Ipad 10,2" 256GB wifi	kr 5 790	9 LEGO Technic Concrete Mixer Truck	kr 1 349
3 Weekend Innvik fjordhotell, 2 personar	kr 3 900	10 Leikekjokken	kr 1 299
4 Champagneglass 6 stk, Hadeland glass	kr 3 300	11 Lauvsylje, Holt collection	kr 1 150
5 Motorsag Stihl ms180	kr 3 190	12 Glassvase og mugge	kr 1 000
6 Viltkamera Norhund WR Pro 4G	kr 2 490	13 Bok «Norges dyr og planter»	kr 645
7 Massasje Sunnfjord hotel og spa	kr 1 500	14 Glasskål av Mats Jonasson	kr 500

kr 1 400  
kr 1 349  
kr 1 299  
kr 1 150  
kr 1 000  
kr 645  
kr 500

Samla verdi: kr 37 513  
Lodd til sal: 7500

**kr 20,-**  
pr. lodd

**kr 200,-**  
pr. blokk (10 lodd)

[www.gallerinormisjon.no](http://www.gallerinormisjon.no)  
Vil du starte eigen butikk?



Namn:  
Adresse:  
Telefon:

Fraa Tidend Grafisk, Sandane

Trekning LIVE på Facebook kl 1530 den 9. desember 2022.  
Trekninga blir kunngjort i regionbladet «Region Sogn og Fjordane» nr 1/23. Alle vinnarar vert kontakta.

Gevinstar vert utlevert frå regionkontoret,  
Nordstrandsvegen 12, Sandane. Tlf. 57 86 63 49.

Gevinstar må hentast innan 3 månadar etter trekning.  
Uhenta gevinstar går til Normisjon region Sogn og Fjordane.



## Bygg for framtida

No er skuleplassen full av maskiner og stillas, og inngangsområdet er ein stor byggeplass.

Vi bygger ny resepsjon og utvidar matsalen, og får nokre fine minne-områder på kjøpet. Og noko av det aller viktigaste skjer over alt dette,- der vert gamle og lekke tak no skifta ut.

Dette er investeringar vi har hatt lyst til å gjere lenge. No var tida inne for å satse, og med eit budsjett på oppunder 20 millionar er dette eit stort løft for oss. Vi får ein del av prosjektet dekka gjennom rentestønad frå folkehøgskulerådet, men det aller meste er eigenkapital og lån. Difor håpar vi at mange glade gjevarar også vil støtte opp om prosjektet! Meir informasjon finn du på [www.frlivskulen.no](http://www.frlivskulen.no). Vi gler oss veldig til det er ferdigstilt, sannsynlegvis i februar 2023.

## Fjordlydag!

På Fjordly er det mange typar arrangement i løpet av året. Her kan ein booke selskap, slektstreff og minnestund, leir, kurs og konferansar. Ja, noko for ein kvar smak. I tillegg har Fjordly faste arrangement som er opne for alle å melde seg på.

Blant dei faste tinga som skjer på Fjordly finn ein «Fjordlydag». Siste torsdag i kvar måned (utanom juni, juli og desember) samlast seniorar frå heile fjorden til god mat, sosialt samvær og åndeleg påfyll. På Fjordlydagen har vi alltid spennande talalarar. Av gjestar har vi hatt Gunn og Harald Riis, Beate Osdal, Astrid og Reidar Vetvik. I haust har vi hatt Ove og Kari-Laila Aksnes,




og Harry og Margot Andersen som med ord og tonar som varma alle på djupet. Middagane er ein fest i seg sjølv.

Torsdag 24.november frå kl. 13 vert det tradisjonen tru JULEBORD, med julemiddag m. dessert. Gjestetalar og styrar på Holmely, Eva S. Langseth, skal dele tankar om temaet «Inn i advent med forventning og lave skuldrer». Ein må melde seg på til Julemiddagen (kr 375,-). Ein treng ikkje melde seg på om ein berre kjem til møte kl.15 og påfølgande kakefest (125,-). Påmelding til Fjordly (57853225) eller [fjordly@normisjon.no](mailto:fjordly@normisjon.no)



Vippsnummer til Fjordly 506518



## Bildedryss fra Fjordly barnehage juni, juli og august 2022



# Internasjonal misjon:

## Verdien av arbeid

– Behovet for å ha en jobb å gå til strekker seg lenger enn bare mat på bordet, sier Mirjam Artmark Aanensen i Normisjon.

Tekst: Kristin Winther Jørgensen/Normisjon

Foto: Normisjon

Som landansvarlig for Normisjons arbeid i Senegal, Mali og Bangladesh, vet Mirjam Artmark Aanensen at det å ha inntektsbringende arbeid er helt vesentlig for alle mennesker.

– Å ha en jobb å gå til sørger ikke bare for penger, men også mening, retning, fellesskap med andre - og ikke minst flere muligheter i livet, sier Artmark Aanensen.

Hun forteller at gjennom å tjene penger, har man større bestemmelsesrett over eget liv.

– Da har man også mer rom til å ta avgjørelser for seg selv og for de rundt seg.

Gjennom flere prosjekter, blant annet ICCB (Integrated-Program for Community Capacity Building), jobber Normisjon for å styrke minoriteters sosiale og juridiske rettigheter og slik løfte frem deres egenverd i Bangladesh.



– Når folk er i arbeid, skaper det positive ringvirkninger hos den enkelte, i familien og i samfunnet, sier Mirjam Artmark Aanensen.

nesker kan motta yrkesopplæring og siden ta opp mikrofinans-lån og starte opp egne prosjekter eller arbeide i en etablert bedrift, sier Artmark Aanensen.

Normisjon Bangladesh driver blant annet en syskole, som gir søm- og yrkesopplæring til 18 jenter hvert halvår. Her får «drop out» jenter mulighet til å lære et yrke.



Mirjam Artmark Aanensen er landansvarlig i Normisjons internasjonale avdeling og er blant annet utdannet sosionom.

## Veien ut av fattigdom

Artmark Aanensen har sett mange eksempler på at veien ut av fattigdom går gjennom inntektsgivende arbeid.

– Det er fantastisk å høre historier om mennesker som har fått hjelp til å komme seg ut av fattigdom og inn i arbeid. Særlig jobber vi med denne problemstillingen, og disse mulighetene, i Bangladesh. Der samarbeider vi med Normisjon Bangladesh og Northern Development Foundation (NDF). Begge disse legger til rette for at men-



## Kjærlighet til de «vellykke-de»

I Bangladesh har fattigdom ett spesielt utfordrende mønster:

– Vi hører historier om at barn som er smarte og kvikke får den beste oppfølgingen og mest kjærlighet fra foreldrene. Det er fordi foreldrene tenker at disse barna kan gi økonomisk hjelp til foreldrene når de blir gamle. Omsorgen er derfor gitt med en baktanke i disse tilfellene, sier Artmark Aanensen.

Hun forklarer at de barna som ikke ansees som fremtidige ressurser, blir nedprioritert og får mindre kjærlighet enn de «vellykkede». Slik preger fattigdomssirkelen generasjon etter generasjon.


– Ikke bare er dette veldig trist, men det gir oss også en forståelse av hvordan systemet fungerer der, og på hvilke måter vi kan være med på å legge til rette for å tenke og handle annerledes. I mange land som ikke har sosialhjelp slik vi har i Norge, der familiene lever tett på hverandre i grupper, er de avhengige av inntekten fra enkeltpersoner. Storfamiliene har ofte få inntekts-bærende personer, og dette er et tungt ansvar å ha for de få, sier Artmark Aanensen.



Sokhina Tudu er en av jentene som har fått søm- og yrkesoplæring ved Normisjon Bangladesh sin syskole. Etter kurset fikk hun sin egen symaskin og var raskt i gang med å bidra til familiens inntekt. // Slik kan det se ut når mennesker kommer seg ut av fattigdom og inn i arbeid.

Hun mener derfor det er helt sentralt at alle kan være med å bidra. – De som har jobb, får både lønn og respekt fra andre. Dersom flere jobber, kan flere også få dette. Det er vinn-vinn for alle.

Les mer om hva Normisjon gjør for å hjelpe mennesker ut av fattigdom på Normisjons nettsider: [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



# Dato-glimt frå kvardagen vår:

## Faste opne arrangement:

### Holmely omsorg og retreat:

Kvar fredag kl. 11.30 – 12.30, «Bønnelunsj» på Holmely/Fjordly. Drop-in: Ta med matpakke.

### Fjordly: ungdomssenter

Fjordlydag, siste torsdag i kvar måned.

### Norfellesskapet, Førde:

Gudsteneste kl 1600 annankvar søndag.

### Møtepunkt B, Sandane:

Ulike aktivitetar, sjå [www.motepunktb.no](http://www.motepunktb.no)

## Andre arrangement og aktivitetar:

### Desember:

- Laurdag 3. desember kl.18. Førjulsmiddag på Teigen
- Fredag 9.desember: Trekning regionlotteri 2022
- Laurdag 10.desember kl.10-16: «Stille dag i advent» – retreatdag på Holmely

### Januar 2023

- 12/13-15. MER-konferansen, nasjonal konferanse for frivillige og tilsette. Påmelding [www.merkonferansen.no](http://www.merkonferansen.no)

### Mars 2023:

- Musical med elevane på Sunnfjord folkehøgskule, i Storsalen på Førdehuset i Førde.

### April 2023:

- 22.Regionårsmøte Normisjon Sogn og Fjordane

### Datoer Acta:

Datoer for Actas leirar på Fjordly og Teigen i 2023 vil bli publisert på våre nettsider og facebooksider, bruk QR-koden under.



Følg oss på  
Facebook

Holmely | Facebook

Fjordly Ungdomssenter | Facebook

Teigen Leirstad | Facebook

Innvik Fjordhotell Misjonsheimen | Facebook

Acta / Normisjon Sogn og Fjordane | Facebook

Fjordly Barnehage | Facebook

Sunnfjord Folkehøgskule | Facebook

Nordfjord folkehøgskule | Facebook



# Møt oss fysisk:

Kontordagar regionkontor Sandane onsdag og torsdag kl 10-15, eller etter avtale.  
Adresse: Nordstrandvegen 12,  
6823 Sandane.

Kontordagar Sunnfjord folkehøgskule: Etter avtale.

Regionen sine nettsider:  
[www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof)  
[www.acta.no/sof/om-oss](http://www.acta.no/sof/om-oss)  
<https://www.facebook.com/normisjonsof>

Tilsette i regionen:



Jostein Bildøy  
Regionleiar  
[Jostein.bildoy@normisjon.no](mailto:Jostein.bildoy@normisjon.no)  
95 19 13 32



Stine Hopland  
Actaleiar  
[Stine.hopland@normisjon.no](mailto:Stine.hopland@normisjon.no)  
92 04 63 49



Stian Stokkebekk  
Fellesskapsutviklar Sunnfjord  
[Stian.stokkebekk@normisjon.no](mailto:Stian.stokkebekk@normisjon.no)  
40 61 67 21



Vegard Tennebø  
Fellesskapsutviklar  
Gloppen/Nordfjord  
[Vegard.tennebo@normisjon.no](mailto:Vegard.tennebo@normisjon.no)  
90 64 20 84



Fjordly barnehage  
Tlf 57 85 33 95  
[www.fjordly-barnehage.no](http://www.fjordly-barnehage.no)



Teigen leirstad  
Tlf 97 62 75 64  
[www.teigen.weebly.com](http://www.teigen.weebly.com)



Fjordly ungdomssenter  
Hildegunn Vederhus,  
dagleg leiar  
Tlf 57 85 32 25  
[www.fjordly.no](http://www.fjordly.no)  
[fjordly@normisjon.no](mailto:fjordly@normisjon.no)



Holmely omsorg og retreat  
Eva S. Langseth, dagleg leiar  
Tlf 57 85 34 25  
[www.holmely.no](http://www.holmely.no)  
[holmely@normisjon.no](mailto:holmely@normisjon.no)



Innvik fjordhotell  
Misjonsheimen  
Anna Marie S. Vatnamo,  
dagleg leiar  
Tlf 57 87 49 90 / 99 36 46 60  
[www.innvikfjordhotell.no](http://www.innvikfjordhotell.no)  
[post@innvikfjordhotell.no](mailto:post@innvikfjordhotell.no)



Sunnfjord folkehøgskule  
kontakttlf. 57 82 99 60  
[www.sunnfjord.fhs.no](http://www.sunnfjord.fhs.no)  
[kontor@sunnfjord.fhs.no](mailto:kontor@sunnfjord.fhs.no)



Nordfjord folkehøgskule  
kontakttlf. 57 86 80 40  
[www.friluftslivskulen.no](http://www.friluftslivskulen.no),  
[kontor@friluftslivskulen.no](mailto:kontor@friluftslivskulen.no)

**NORMISJON** er en evangelisk luthersk organisasjon som organiserer over 50 tusen personer over hele Norge gjennom blant annet menighetsfellesskap, foreninger, barnehager og skoler. Vi vil nå unådde og gjøre mennesker til disipler. **ACTA- BARN OG UNGE I NORMISJON** har nærmere 23.000 medlemmer over hele Norge som er organisert i lokale fellesskap. Vi vil se grensesprengende fellesskap hvor barn og unge møter, følger og ærer Jesus Kristus.

## Bøneemner:



- Takk og be for Teigenklubben i Eikefjord.
- Takk og be for det nye Actastyret som vart valgt på Acta-årsmøtet.
- Takk og befor born, unge og voksne som var på leir i sommar.
- Takk og be for Normisjon sitt arbeid blant unådne folkeslag.
- Takk og be om visdom for bedehusa si framtid i regionen.
- Takk for ungdomar og voksne som spør etter fellesskap, at vi finn løysingar.
- Takk for alle som står saman med oss i bøn, frivilig arbeid og økonomiske gaver.

Vipps  
enkelt og raskt å gje!

Normisjon S&F - gåve  
#15646



## Engasjer deg

Vil du engasjere deg kan du ta kontakt med ein av oss som du finn på sida «Om oss» eller du kan gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Engasjer deg».

## Gje ei gåve

Om du vil gje ei gåve og sikre deg skattefradrag samtidig er tilbodet å gå inn på [www.normisjon.no/sof](http://www.normisjon.no/sof) og velge toppmeny «Gje ei gåve». Her kan du og velge kven du vil skal vere mottakar av gåva di. Og om det er ei enkeltgåve eller fast givarteneste.